



Loge nr. 104 Gloppang

13. juni 1981 – 13. juni 2006

25 ÅR

i

"Vennskap, Kjærlighet og Sannhet"



Føreord

I samband med loge nr. 104 Gloppang sitt 25 års jubileum i 2006 vart det sett ned ei nemnd på tre medlemmer, som skulle lage eit jubileumsskrift om logen gjennom desse 25 åra. Noko av stoffet har vi henta frå jubileumsskriftet som vart laga til 10 års jubileet, men mykje nytt er også kome til. Vi har lagt vekt på at jubileumsskriftet også skal tene som historisk dokumentasjon for logen i alle desse åra, både gjennom tekst og bilete.

Innan Odd Fellow Ordenen i Norge er det bokmål som er den rådande målforma både når det gjeld rituala, rundskriv og anna skriftleg materiale. For oss som bur midt i eit nynorskdistrikt fell det likevel naturleg å bruke nynorsk, også i eit jubileumsskrift for loge Gloppang. Vi har likevel gjort det slik at bidrag til jubileumsskriftet frå andre vert trykt i den målforma det er skrive i, medan alt materiale som skriftstyret har skrive er på nynorsk.

Vi kunne ikkje laga dette jubileumsskriftet utan god hjelp og støtte frå andre bidragsytarar i logen. Stor takk til desse. Takk også til Helge Oppedal, loge nr. 94 Martin Linge, for biletmateriale, gode råd og hjelp til å trykke dette heftet.

Når det gjeld biletmateriale generelt seier vi oss leie for at det for mange av bileta ikkje har vore mogleg å finne ut kven som har vore fotograf. Namn på fotograf er difor ikkje oppgjeve på nokon av bileta. Dei fleste bileta av embetskollegiet og brødre i loge Gloppang er tekne av Lyslo Foto og vi takkar dei for løyve til å gjengje bileta i dette heftet.

Vi håpar at dette skriftet gjev eit bilete av loge nr. 104 Gloppang gjennom desse 25 åra, at det kan kalle fram gode minne og vere med å styrke den enkelte si interesse for logen og logearbeidet.

Magne Gloppestad

Ola Nyhagen

Gunnar Nygjerd


*Jeg skal vandre bare en gang gjennom denne verden.
Hver eneste ting jeg kan gjøre,
eller hver eneste vennlighet jeg kan vise et menneske,
skal jeg derfor gjøre nå!
La meg ikke utsette det, eller overse det –
for jeg skal ikke gå denne veien på ny!*

Kong Georg V av England

Innhaldsliste

Helsing frå Stor Sire	4
Helsing frå DSS Bjarte Husevåg	5
Helsing frå Eks DDSS Olav Sølvberg.....	6
Helsing frå OM John Bendiksen	7
Helsing frå Rebekkaloge nr. 91 Sitareh	8
Odd Fellow Ordenen – fra Baltimore til Sandane	9
Frå Sandane Broderforening til loge nr. 104 Gloppang	12
Embetskollegiet gjennom 25 år.....	18
Liste over embetsmenn.....	25
Våre Storrepresentantar	27
Våre Distrikts Stor Sirer	28
Fellesmøte med loge Martin Linge	29
Fellesmøte med loge Sitareh	30
Sosialt og humanitært arbeid.....	31
Takketale ved Storlogegraden	32
Brødre i loge nr. 104 Gloppang i jubileumsåret 2006.....	33
Veteranar i loge Gloppang	33
Vi minnast våre døde brødre	35
Å vera i livet	36

Helsing frå Stor Sire



Stor Sire Harald Thoen

Kjære brødre i loge nr. 104 Gloppang

I anledning av at loge Gloppang den 13. juni i år runder 25 år, sender jeg Den Norske Storloges hilsen og gratulasjon, i det vi takker alle brødrene for godt arbeid gjennom de forløpne år.

Odd Fellow Ordenen i Norge har gjennom disse 25 år hatt en fin og god utvikling, og loge Gloppang har på sin måte bidratt til utviklingen av brødrene, og arbeidet godt med sosialt og humanitært arbeid. Det er da også i dag naturlig å takke alle de som gjennom mange år har nedlagt et stort arbeid for logen. Mitt håp er at loge Gloppangs embedsmenn og brødre, også i fremtiden, vil føre logens og Ordenens gode tradisjoner videre.

Vår orden er en verdiskaper, og jeg er viss på at de brødre som i fremtiden skal lede loge Gloppang også vil være seg sitt ansvar bevisst, og at de vil være opptatt av å formidle Ordenens budskap til så vel dens medlemmer som andre.

Kjære brødre: la det å få delta i et logemøte i loge Gloppang bli en positiv opplevelse, i en loge med et *godt indre liv*. La det å være en Odd Fellow virke som en rettesnor i moralsk og etisk henseende, for så vel den enkelte bror som hans familie.

Lykke til kjære brødre i årene som kommer.

Med broderlig hilsen i
Vennskap, Kjærighet og Sannhet

Harald Thoen
Stor Sire

Helsing frå DSS Bjarte Husevåg



DSS Bjarte Husevåg

Det er med stor glede jeg hilser loge nr. 104 Gloppang til lykke med 25-års jubileet.

Jeg har selv vært medlem av Odd Fellow Ordenen i de samme 25 år, og har således hatt gleden av å følge loge Gloppang i alle disse årene.

Odd Fellow Ordenen i distrikt nr. 16 er brødrene stor takk skyldig for det arbeidet de har lagt ned for ordenen i dette distriktet.

Takket være denne loge og brødrene her har ordenen vokst i antall loger og brødre, og jeg er ikke i tvil om at loge nr. 104 Gloppang og dens brødre vil arbeide videre for Odd Fellow Ordenen i Sogn og Fjordane.

Når logen nå fyller 25 år sender jeg mine beste gratulasjoner med ønske om fortsatt fremgang til glede for ordenen og brødrene i loge nr. 104 Gloppang.

Med broderlig hilsen
i V.K og S

Bjarte Husevåg
DSS

Helsing frå Eks DDSS Olav Sølvberg



Eks. DDSS Olav Sølvberg

På 25-års jubileumsdagen må man selvfølgelig hilse og gratulere! Mine tanker går på denne dagen tilbake til alle de store øyeblikk jeg har fått være med på hos dere. Jeg tenker spesielt på alle de kjekke brødre jeg har lært å kjenne og sette pris på i disse årene. Kanskje minnes jeg med størst glede da DDSS Johs. Thue i midten av oktober 1979 bad meg reise til Sandane og prøve å få sendt en søknad til Storlogen om å stifte en Broderforening. Jeg hadde malen med meg og 15 brødre skrev under søknaden. Da følte vi at den første grunnsteinen var lagt. Seks uker senere stiftet man broderforening og br. Ingebrigts Eikenes holdt sin berømte tiltredningstale. Halvannet år etter det igjen stiftet man logen i nyinnredede lokaler. Det er store begivenheter man minnes med glede. Likevel det er de regelmessige møtene og den trivelige omgang med alle brødre som har bygget logen fast og god. Hvor skulle mange av oss ellers ha ladet batteriene, om vi ikke hadde logen å gå til. Ta godt vare på den. Vern om den og møt så ofte du kan.

Vi har alle et ansvar for å få med nye brødre som etter hvert kan føre verket og logen videre mot nye årtier og jubileum. Lykke til !

Hilsen

Olav Sølvberg
Eks. DDSS

Helsing frå OM John Bendiksen



OM John Bendiksen

Det er en stor ære og en kjær plikt for meg å få lov å hilse loge nr. 104 Gloppang på dens 25 års dag.

Vi tenker med takk på de som startet arbeidet med å få til en Odd Fellow loge på Sandane. Disse ildsjeler som har lagt ned en enorm innsats for at vi, som etter hvert har kommet med, skulle få et sted vi kunne samles annen hver tirsdag kveld. En takk til alle logebrødrene som, hver på sin måte, gjør sitt til for at våre møter blir en stund med fred og harmoni, der Ordenens idealer og mål knytter oss stadig sterkere sammen. Det er godt å tilhøre en loge og der få knytte gode og sterke vennskapsbånd med mennesker en kan stole fullt ut på.

Jeg vil også gratulere Rebekka loge nr. 91 Sitareh med sine 15 år sammen med oss. Takk for et nært og godt samarbeide gjennom alle disse år. Jeg vil takke hver enkelt søster og bror som har vært i sving for å få til en flott markering av vårt jubileum.

Sist, men ikke minst, en takk til alle dere gjester som er kommet hit for å være sammen med oss på denne vår store dag.

Så ønsker jeg vår loge hjertelig til lykke med dagen og håper på hell og fremgang i årene som kommer.

Med broderlig hilsen i V. K. og S.

John Bendiksen
OM

Helsing frå Rebekkaloge nr. 91 Sitareh



OM Aud Aasen

Loge nr. 91 Sitareh og loge nr. 104 Gloppang har hatt eit nært og godt samarbeid i alle år. Vi har, spesielt i dei første åra, fått uvurderleg hjelp av brødrene. På stiftelsesdagen av Sandane Rebekkaforening 4. september 1989 fekk vi pengegåve, fritt husrom og hammar. Brødrene stilte også villig opp med god hjelp under stiftinga av loge Sitareh 8. juni 1991. Vi fekk også overrakt gåve. Dei første åra hadde vi eit felles kollegiemøte pr. termin, dette var svært lære-rikt for oss søstre som hadde lite erfaring med logearbeid. Vi har i alle år hatt felles jule- og nyttårsloge, og ser alltid fram til desse fellesmøta med forventning, for då er det fest. Vi søstrene i loge Sitareh vil takke alle brødre i Gloppang for god hjelp og ser fram til fortsatt godt samarbeid til felles beste for utvikling av ordensarbeidet og framgang for Odd Fellow.

Med helsing

Aud Aasen
OM

Odd Fellow Ordenen – fra Baltimore til Sandane

Odd Fellow Ordenens tilblivelse er hyllet i mørke. De tråder som synes å føre tilbake helt til det babylonske fangenskap, er ytterst tynne og spinkle. Man vet at det allerede i den grå oldtid har eksistert ”hemmelige selskaper”, og man kjenner til at det i disses formål, seder og skikker er visse likhetspunkter med våre.

Det kan være av interesse å høre hva R. W. Moffrey skriver i sin bok: ”A Century of Odd Fellowship”: ”*Det er for alvor påstått at Odd Fellow Ordenen har kommet til England med romerske soldater under keiser Titus's regjering. Selskapet må imidlertid ha vært av meget eldre dato enn dets innførelse i Storbritannia i året 98. I virkeligheten kan dets nedstamming føres tilbake til et hemmelig selskap som eksisterte blant de israelitter som levde i fangenskap i Babylon.*”

Når en i dette mener å se en tråd som fører tilbake til Ordenens opprinnelse, så skyldes dette oppdagelser som er gjort på romerske gravmæler. På et sådant – funnet i Lanurium – en liten by ved Via Appia, noen mil fra Roma, er oppdaget en inskripsjon som forteller om en sammenslutning med formål selskapelige sammenkomster og omsorg for medlemmenes anstendige begravelse. Inskripsjonen gir nøyaktige opplysninger om innvielsesgebyr, månedskontingent og begravelsesgebyr, samt detaljerte bestemmelser om hvordan man skulle forholde seg ved et medlems død.

Et visst slektskap mellom disse gamle sammenslutninger og vår Orden av i dag er altså påviselig. Men av dette å slutte at Odd Fellow Ordenen har sin rot i dem, lar seg ikke gjøre, så lenge det ikke foreligger uomtvistelige bevis.



Thomas Wildey

Det første sikre vi vet om Odd Fellow Ordenen er et fibrev som i sin tid ble funnet i et museum i Hardwick i Skottland. Dette fibrevet er datert 7. mai 1643, og forteller at Ordenen er stiftet den 5. februar 1537. Ellers foreligger det ikke noe dokumentarisk fra denne tid, og en kan kun anta som sannsynlig at den er av enda eldre dato, ihvertfall hva dens grunnleggende ideer angår. Fra den senere tid kjenner vi til at Manchester Unity i England regner sin stiftelsesdag fra den 10. oktober 1810.

I løpet av det 17. og 18. århundre hører vi oftere om Odd Fellow Ordenen. Det er imidlertid ting som tyder på at det har eksistert flere sammenslutninger som har benyttet betegnelsen Odd Fellow, og som kan ha mange paralleller med vår Orden i dag. Bestemt å kunne peke på fra hvilken av disse vår Orden nedstammer fra er derfor ikke mulig. At Odd Fellow Ordenens vugge har stått i England er imidlertid utvilsomt.

I 1809 ble det stiftet en loge i Manchester. Etter hvert gikk flere forskjellige loger sammen og dannet ”Independent Order of Odd Fellows I.O.O.F.” Av denne Ordensgren oppsto den 21. januar 1814 den første offisielle Storloge ”Manchester Unity”. Det er denne Storloge som i dag er

Odd Fellow Ordenens høyeste myndighet i England, og det er fra denne Storloge at den engelske grovsmeden Thomas Wildey fikk fribrev til dannelsen av den amerikanske gren av Ordenen hvorfra vi stammer.

Thomas Wildey ble født den 15. januar 1782 i London og kom allerede som 14-åring i lære hos en smed. Boklige kunnskaper var det åpenbart ikke rart bevendt med, men han ble en dyktig håndverker. Allerede i 1804 ble han medlem av Odd Fellow loge nr. 17 i London, og her gikk han hurtig gjennom ikke bare gradene, men også embedene. Den 30. juli 1817 sa han farvel til England og ankom Baltimore den 2. september 1817. Her traff han John Welch – også en englander – og disse to ble etter hvert gode venner. Gjennom samtaler disse to i mellom viste det seg at også Welch hadde vært medlem av Ordenen. Disse to ønsket å opprette en Odd Fellow loge i Baltimore, og den 13. februar 1819 rykket de inn følgende annonse i ”The Baltimore American”:

Kunngjøring til alle Odd Fellows

Noen få medlemmer av Odd Fellow Ordenen ville være glade over å møte sine brødre for med dem å drøfte muligheten av å opprette en loge. Møtet vil bli holdt den 2. mars 1819.

Dette ble ingen suksess. På avtalt sted og til avtalt tid kom det kun 2 – to – interesserte. Med fire medlemmer kunne man imidlertid ikke starte noen loge. Det krevdes minst fem brødre til dette. I håp om å skaffe det manglende ledd ble det derfor innrykket et nytt avertissement, og på dette møtet meldte den femte seg.



The Seven Stars

Mandag den 26. april 1819 samledes disse fem brødre i vertshuset ”The Seven Stars”, som eides av William Lupton, og under alle de seremonier og med den høytidelighet de kunne oppdrive ble ”Washington Lodge No. 1” stiftet. Med Thomas Wildey som Overmester, de øvrige embeder ble fordelt på de andre fire. Dermed var grunnstenen lagt til det byggverk som siden skulle få en slik verdensomfattende betydning.

Der var en del vanskeligheter disse brødre hadde å kjempe mot. Økonomi var en ting, men det største problemet var at logen var opprettet uten fribrev og dermed var ikke arbeidet helt legalt. Thomas Wildey var klar over dette og han sendte derfor en søknad til Ordenen i England. Og den 1. februar 1820 fikk logen sitt første fribrev.

Etter dette startet arbeidet for fullt med å utbre Ordenen i USA. Dette gikk svært godt, men alle de nye loger ble organisert under storloger med rett til å utstede fribrev til nye underloger. Denne ordningen ble snart funnet uhensiktsmessig, og den 15. februar 1825 sluttet alle storlogene seg sammen til én nasjonal storloge med Thomas Wildey som den første Stormester og John Welch som deputert Stormester. Det gjensto imidlertid en viktig ting. Å få den nasjonale storloges selvstendighet anerkjent av Manchester Unity, og dette fribrev ble utstedt den 15. mai 1826. Og fra nå av hadde Ordenen i USA en rivende utvikling.

I Europa skjedde det ikke noe før den 1. april 1870. Da ble loge Württemberg i Stuttgart opprettet. Året etter kom den første loge i Sveits, men først i 1878 kom Ordenen til Danmark og Sverige, med stiftelsen av loge nr. 1 Danmark i København og loge nr. 1 Scania i Malmö. Etter opprettelsen av en Odd Fellow loge i Danmark skjøt utviklingen her fart. Det ble opprettet nye loger, samt en leir. Alle disse sorterte under den tyske Storloge, inntil Danmark i 1884 fikk sin egen Storloge. I Sverige skjedde dette i 1897.

Det skulle gå enda 20 år etter at Ordenen var innført i Danmark før den kom til Norge. Den 26. april 1898 ble loge nr. 1 Noreg stiftet. Denne høytidelige handlingen ble ledet av den danske Stor Sire Petrus Beyer. Gustav Abrahamsen ble loge Noregs første Overmester. Dessverre så fikk denne logen en kort levetid, bare fem år. En av brødrene i loge Noreg var apoteker Fredrik Wolff. Han flyttet til Kristiania rundt århundreskiftet. Han møtte her brødre som var blitt innviet i USA og tanken om å opprette en loge i Kristiania oppsto snart.

Etter en del prøving og feiling kunne de danske storebedsmennene foreta instituering av loge nr. 1 Norvegia den 18. februar 1908. Med Sam. Johnson som dennes første Overmester. Sam. Johnson startet den rene misjonsvirksomhet for at Ordenen skulle bre seg videre ut i Norge. Sammen med en flokk begeistrede brødre reiste han land og strand rundt for å verve nye medlemmer. Våren 1917 ble en del av Bergens borgere innbudt til Museet der Sam. Johnson, nu med tittelen Dep. Stor Sire, skulle holde foredrag om Odd Fellow Ordenen. Dette foredraget ga resultater, den 22. januar 1918 ble loge nr. 4 ”De Syv Fjelde” instituert i Bergen av den danske Stor Sire Petrus Beyer.

Så gikk det hele 32 år før Odd Fellow fikk fotfeste i Sogn og Fjordane. Den 13. mai 1950 så broderforeningen ”Pr Ardua ad Astra” dagens lys i Høyanger. Men først i 1958 var tilslutningen blitt så stor at det kunne stiftes en loge her i fylket. Og den 21. mai 1958 ble loge nr. 58 Høyang-Bjørn stiftet. Fra Høyanger spredte Ordenen seg videre i fylket. I 1966 ble loge nr. 74 Fjordlenken i Førde stiftet. Videre kom loge nr. 87 Haveggen i Florø i 1975, loge nr. 94 Martin Linge i Måløy i 1977, og endelig vår loge nr. 104 Gloppang, den 13. juni 1981.

Kilder:

Utdrag av Odd Fellow Ordenens historie
Loge nr. 104 Gloppangs 10 års jubileumsskrift

Frå Sandane Broderforening til loge nr. 104 Gloppang

Lars Steine og Albert Vereide var dei første Odd Fellow brødrene frå Gloppen. Dei vart begge optekne i loge Høyang-Bjørn 4.2.1966. Då loge nr. 74 Fjordlenken vart stifta seinare same år vart begge overført dit.

Etter kvart kom det til fleire brødre frå Gloppen, og i 1978 vart det avvikla eit møte der følgjande var til stades: Lars Steine, Albert Vereide, Håkon Lundestad, Per Hestenes, Ingebrig Eikenes og Alf Fosse. Det vart her diskutert om ein skulle invitere ein del personar som ein kunne tenke seg ville bli med i Odd Fellow. I samarbeid med Sogn og Fjordane Leirforening, loge nr. 74 Fjordlenken og DDSS Johs. Thue vart det avvikla eit slike møte på Sivertsens Hotel på Sandane i oktober 1978. Følgjande var med på dette møtet:

Den Norske Storloge v/ DDSS Johs. Thue, Bergen

Loge nr. 74 Fjordlenken: Storrepresentant Harry Brændmo, Førde
 Storrepresentant Olav Njøsen, Førde
 Ceremonimester Ludvig Birkeland, Førde
 UM h. assistent Ola Steen, Førde
 Bror Lars Steine, Sandane
 Bror Albert Vereide, Sandane
 Bror Håkon Lundestad, Sandane
 Bror Ingebrig Eikenes, Sandane
 Bror Alf Fosse, Sandane

Loge nr. 94 Martin Linge: Overmester Olav Sølvberg, Måløy
 Ceremonimester Audun Norheim, Måløy
 Kasserar Ola Bergh, Måløy
 Bror Jarle Larsen, Måløy

Av dei innbedne møtte: Kjell Alsaker, Magnus Bolseth, Jonfinn Helgheim,
 Gunnar Helland, Jan Hilde, Aamund Salveson, Ragnar Ødven.

Dette møtet resulterte i fleire nye medlemer frå Gloppen i loge nr. 74 Fjordlenken. I oktober 1979 sende DDSS Johs. Thue brev til OM Olav Sølvberg og bror Lars Steine der han tok til orde for å skipe ei broderforening på Sandane. Han bad samstundes Lars Steine kalle saman brødrene i Gloppen til eit møte der dei skulle diskutere om ein skal skipe ei slik forening. OM Olav Sølvberg blir oppmoda om å hjelpe til. Allereie den 15. oktober vart møtet halde i Bergen Bank sine lokale på Sandane. OM Olav Sølvberg hadde teke turen frå Måløy og orienterte om skiping av og arbeid i ei broderforening. Han svarte også på aktuelle spørsmål frå dei frammøtte. Det vart vedteke å sende søknad om å skipe ei broderforening på Sandane. Alle dei frammøtte brødrene skreiv under søknaden som vart sendt til DDSS Johs. Thue til vidare handsaming. Det vart vidare utnemnd ei valnemnd som skulle kome med framlegg til styre i broderforeninga. Valnemnda var samansett slik: Ragnar Ødven, Bjørn Arnesen og Aamund Salveson.

I brev av 2. november 1979 frå Den Uavhengige Norske Storloge godkjenner Stor Sire Arne Espelund at det blir skipa broderforening på Sandane. Etter avtale med DDSS Johs. Thue vart det bestemt at foreninga skulle skipast laurdag den 1. desember 1979.

Skiping av Sandane Broderforening

Laurdag 1. desember 1979 vart det så halde Odd Fellow møte på Sivertsens Hotel, Sandane, med det føremål å skipe ei broderforening på Sandane.

Forutan 15 brødre frå Gloppen møtte:

Den Norske Storloge v/ DDSS Johs. Thue
Leir Patria Bergen v/ Hovedpatriark Jens J. Jensen
Sogn og Fjordane Leirforening med 2 representantar
Loge 25 Sam Johnson med 1 representant
Loge 46 Frendar med 1 representant
Loge 50 Bergensiana med 1 representant
Loge 74 Fjordlenken med 4 representantar
Loge 94 Martin Linge med 8 representantar

Bror Lars Steine opna møte og ynskte alle velkomne og overlet møteleiinga til DDSS Johs. Thue. Johs. Thue helste frå Bror Stor Sire. Han gav deretter eit kort oversyn over Odd Fellow Ordenen si historie både i verdssamanheng og i Norge. Han gjekk vidare gjennom lover og statuttar for Broderforeninger med kommentar til kvar enkelt paragraf.

Namnet på den nye foreninga vart så diskutert. Det vart sett fram forslag om «Sandane Broderforening». Ved avstemminga vart dette samrøyystes vedteke.

Val

Valnemnda kom med følgjande forslag:

Formann	Ingebrigt Eikenes
Nestformann	Albert E. Vereide
Sekretær	Lars Steine
Kasserar	Alf Fosse
Arkivar	Håkon Lundestad

Det vart ikkje sett fram andre forslag og desse vart dermed samrøyystes valde.

Alle dei fem valde styremedlemmene måtte gje eit høgtideleg løfte til DDSS Johs. Thue, som også opplyste dei om deira plikter som tillitsvalde i ei broderforening. Deretter erklærte han Sandane Broderforening for lovleg skipa. Den nyvalde formann Ingebrigt Eikenes overtok deretter leiinga av møtet. På styret sine vegner takka han for tilliten det nyvalde styret var blitt vist, og han ba alle brødrene hugse følgjande visdomsord: «La oss leve i hildhet med hverandre, og håpe at hjerter og sinn må være fylt av: Bror hva kan jeg gjøre for deg?»

OM Olav Sølvberg overleverte så ei formannsklubbe, denne klubba hadde gått i arv til alle broderforeningane i fylket: frå Høyanger til Førde, så til Florø og Måløy, og no til Sandane Broderforening. Broderforeninga på Sandane skulle disponere formannsklubba til det vart skipa ei ny broderforening i Sogn og Fjordane.

Dermed var alle formalia over, og representantane frå alle dei frammøtte loger kom med helsingar og overleverte gåver til den nye broderforeninga. Kvelden vart deretter avslutta med brodermåltid på hotellet.

Arbeid i Sandane Broderforening

Det første møtet i den nye broderforeninga vart halde 18.12.1979 i Bergen Bank sine lokale på Sandane. I samsvar med statuttane vart det på dette møtet valt følgjande nemndar: Finansnemnd, anskaffelsesnemnd og revisjonsnemnd. Kontingensten vart fastsett til kr. 15,- pr. månad, dvs. kr. 180 pr. år! Allereie på dette første møtet vart tanken lufta om ein eigen loge på Sandane, og rett etter årsskiftet vart det valt ei nemnd som skulle prøve å finne eit høveleg og permanent logelokale på Sandane. Anskaffelsesnemnda hadde innhenta tilbod på bestikk, bord og stolar. For å få dette til å gå i hop økonomisk føreslo styret at brødrene skulle få høve til å kjøpe rentefrie lånebevis, og at desse skulle tilbakebetalast etter 10 år. Dette fall i god jord, og det vart selt lånebevis for kr. 78.122. Totale investeringar kr. 170.000, av dette vart det lånt kr. 49.000.

Broderforeninga arbeidde som sagt med det for auga at det skulle bli skipa ein eigen loge på Sandane. Men før ein kom så langt var det mange store og små ting som måtte ordnast: Namn, segl, logelokale, val av chartermedlemmer, embetsmenn til den nye logen m.m.



Chartermedlemmene

Det kom stadig nye brødre til, og det vart mange turar til loge nr. 74 Fjordlenken i Førde.

Våren 1981 var det 25 brødre frå Gloppen som var medlem i loge Fjordlenken.

Chartermedlemmene: Lars Steine, Albert Vereide, Håkon Lunestad, Per Hestenes og Ingebrigt Eikenes sende i februar 1981 søknad til Den Norske Storloge om å få starte loge på Sandane. Allereie etter ei god veke låg det føre svar frå Stor Sire Arne Espelund der han gav løyve til skiping av loge. I brevet blir det teke

til orde for at laurdag 13. juni 1981 ville høve til instituering av logen. I same brev gav også Stor Sire dispensasjon frå lova om installasjon av Eks. OM, OM og UM.

Men endå var ikkje namnet på den nye logen bestemt. Frå brødrene kom det inn 19 namneprosjekta. Etter fleire møte stod ein igjen med tre prosjekta: Anda, Gloppang og Ryssdalshorn. Ved den endelege avstemminga vart namnet bestemt til Gloppang, dette vart også godkjent av Stor Sire. Det var Aamund Salveson som sette fram dette forslaget.

Brødrene vart også invitert til å kome med forslag til segl for logen. Det kom inn i alt 7 forslag. Logen kunne ikkje godkjenne nokon av forslaga, men ein fekk interiørarkitekt Roald Aasheim, Oslo, til å samordne to av forslaga. Logen sitt segl er som kjent dei tre kjedeledd tvers over Gloppefjorden med Ryssdalshornet i bakgrunnen.

Logelokale

I januar 1980 vart det valt ei nemnd som skulle arbeide for å finne ei permanent løysing av logelokale. Nemnda besto av: Bjørn Arnesen, formann, Ragnar Ødven og Aamund Salveson. Etter ein knapp månad la nemnda fram to forslag til løysing:

Alternativ 1: 2. etasje i «Pelsbygget», 178 m², pris kr. 100,- pr. m² pr. år.

Alternativ 2: Grunnetasjen i Sandalsbygget, 165 m², pris kr. 55,- pr. m² pr. år.

Innreiingskostnadene rekna ein med ville bli omlag det same for begge dei to alternativa.

Etter ein del diskusjon, og etter at DDSS Johs. Thue og Storsekretær Plau hadde sett på lokala, gjekk ein inn for alternativ 2. Kontrakten vart underskriven 17. januar 1981. Interiørarkitekt Roald Aasheim, som hadde eit nært samarbeid med Storlogen, lage teikningar til innreiing. Teikningane vart godkjende av Storlogen og broderforeninga.

Vi var i den heldige situasjon at fleire av brødrene våre var vel «bevandra» i praktisk arbeid: Leif Lote elektrisk, Fridtjof Ulleland målararbeid, Anders Stensaker bygningsarbeid. Sistnemnde la fram teikningar til nytt inngangsparti, han vart også vald til byggjeleiar.

Tysdags- og torsdagskveldane var faste dugnadskveldar. Ingebrigts Øvereseth var dugnadsleiar. Brødrene vart delt opp i grupper, så ein fekk god effekt ut av dugnadskveldane. Men det var sjølvsagt også tid til kaffipausar – og der sat spøken laust. Det var ikkje berre logesalen som skulle ordnast, men ein skulle også ha inventar. Her kom Kåre Solheim sine snikkarkunstar til sin rett.

Ingen har oversikt over kor mange dugnadstimar som vart lagt ned – det var mange. Dugnadsgjengen vart ein godt samansveisa gjeng, som sat att med mange hyggelege minner etter at arbeidet var fullført.



Inngangspartiet til logen



Forværelset til logesalen



Logesalen

Instituering av loge nr. 104 Gloppang

Som nemnt var 13. juni 1981 fastsett som institueringsdato. Men før ein kom så langt var det mange praktiske ting som måtte ordnast. Det var fleire nemnder som skulle oppnemnast: Ansvarlege for logelokalet, billettar og økonomi, innkvartering osv. Til å samordne det heile vart Håkon Lundestad vald. Ei veke før den store dagen hadde brødrene ein felles inspeksjon av logelokalet, og gjekk i grove trekk gjennom opplegget for institueringa. Bjørn Arnesen som var oppnemnd som festleiar, gjekk gjennom opplegget for festmiddagen. I logelokalet var alt i orden, og alle såg med glede fram til det som skulle skje den 13. juni. Kanskje gleda hos mange også var blanda med ein smule spenning og nervøsitet.

Og så var den store dagen komen! I strålande solskin kunne vi ønskje logebrødre frå fjern og nær velkomne til Sandane.

Frå Storlogen møtte:

Stor Sire	Arne Espelund
Dep.Stor Sire	Erik Evjen
Stor Skattmester	Einar Brovoll
Stor Marsjall	Oddvar Storm Arnesen
DDSS	Johs. Thue

Følgjande leirar og loger var representert:

Leir nr. 3 Patria, Bergen, Sogn og Fjordane Leirforening, loge nr. 7 Mørejarl, loge nr. 25 Sam Johnson, loge nr. 46 Frendar, loge nr. 50 Bergensiana, loge nr. 58 Høyang-Bjørn, loge nr. 74 Fjordlenken, loge nr. 87 Haveggen og loge nr. 94 Martin Linge. Det var dessutan helsingar frå loge nr. 4 De syv fjelde, loge nr. 21 Fraternitas, loge nr. 23 Gange Rolv, loge nr. 69 St. Olav, loge nr. 82 Vesterveg og Rebekkaloge nr. 61 Spiren. Den som hadde reist aller lengst for å vere med oss denne dagen var bror Andreas Ladehaug som kom heilt frå Danmark! Det må likevel tilføyast at Ladehaug hadde i mange år budd i Førde og var med i logen der.

Innviing av logelokalet

